

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo



**«Utkast til endringar i film- og videogramloven med forskrifter
filmkontrollgebyret»**

Eg er kjent med høyringsuttalane frå Film&Kino, Norske Kinosjefers Forbund (NKF) og B-kinoalliansen B-KA, og seier meg samd med den uroa desse gjev uttrykk for dersom den føreslåtte endringa for å dekkja Medietilsynet sine utgifter i samband med filmvurdering gjennomført.

Slik denne avgifta er tenkt gjennomført vil den ha utilsikta og uheldige konsekvensar som fører til at filmdistributørane nærast vert oppfordra til ikkje å gå breitt ut med filmene sine. Dei kan omgå avgifta ved å gje 15 kinoar høve til å visa ein film medan resten får visa den etter premiere.

Alle kinoane i heile landet er digitaliset gjennom eit historisk spleiselag. Sjølv har me hatt store investeringar i utstyr og oppgradering av salane våre. Det blir difor eit paradoks at det no kan verta innført eit filmkontrollgebyr som kan føra til kinodød i dette heildigitaliserte kinolandet.

Med helsing frå Stord kommunale kino 2/11 2012


Herdis Elin Belsvik
Einingsleiar / kinosjef